



Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Høyringsfråsegn vedrørande kommuneplanens arealdel for Midt-Telemark kommune

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) vil at Midt-Telemark kommune skal ta på alvor dei betydelege problema knytt til tap av naturmangfald, som fram til i dag i hovudsak er forårsaka av arealendringar. FNs naturpanel (IPBES) publiserte 6. mai 2019 ein rapport som slo fast at tap av biologisk mangfald utgjer eit like stort trugsmål som klimaendringar, og at det er nødvendig med resolutt handling for å komma denne trugselen i møte. FNs klimapanel har også vist i rapportane deira at klimaendringar vil påverke naturmangfald i svært negativ grad. Situasjonen er derfor kritisk, og krev handling no.

Gjennom kommuneplanar har kommunane i Noreg moglegheit til å påverke situasjonen for naturmangfald positivt. NVMT forventar at Midt-Telemark kommune både anerkjenner problemet som tap av naturmangfald representerer, *og* forpliktar seg på at framtidige arealendringar skjer på ein måte som tek omsyn til naturen. Dette kan konkret gjerast på fleire måtar, men aller først er det avgjerande at kommunen prioriterer ei omfattande naturtypekartlegging for å kunne identifisere viktige naturområde og forhindre at desse blir sett av til utbyggings- eller næringsformål.

SABIMA har lansert omgrepet «arealnøytralitet» for å nemne ein praksis som er reelt berekraftig med omsyn til forvalting av naturområde, og i 2019 vedtok Flakstad kommune, som landets første kommune, å erklære seg arealnøytral. Arealnøytralitet inneber blant anna at ein gjenbruker og fortettar areal som allereie er betydeleg påverka av menneskelege inngrep, framfor å byggje ut areal med lita eller inga menneskeleg påverking. Dette er eit prinsipp som NVMT i aller høgste grad meiner Midt-Telemark kommune må innlemme i den nye kommuneplanen og i framtidig praksis når det gjeld arealforvalting. I tillegg bør kommunen også få eit såkalla «arealrekneskap», slik at ein kan måle kor langt målsetnadane i kommuneplanen blir etterlevd. Eit slikt rekneskap bør innehalde:

- Miljøstatus for kvar enkelt naturtype i kommunen, inkludert naturtypar som er blitt meir eller mindre borte; gjenverande omfang og økologisk kvalitet, positiv/negativ trend.
- Fastsetting av kva naturtypar som skal skånest for utbygging og andre arealendringar. Nokre eksempel kan vera: Gammal naturskog, myr og anna våtmark, artsrikt kulturlandskap, og sentrumsnære grøntareal.
- Oversikt over der det er behov for restaurering/kompensering av naturområde for å bevare biologisk mangfald og oppretthalde økologisk funksjon.
- Oversikt over der det er behov for ytterlegare kartlegging.

- Historisk oversikt over arealendringar i kommunen

Planprogrammet for arealdelen vjer altfor lite plass til naturmangfaldsproblematikken, noko som på ingen måte står i stil til kor alvorleg problemet er både i Noreg og i verda elles. Å forplikte seg på det som står ovanfor, vil vera eit viktig steg på vegen mot å sikre ei forsvarleg forvalting av naturområde i kommunen. Me vil også trekkje fram naturmangfaldlova, som fram til i dag har blitt altfor lite påakta av kommunar og andre offentlege aktørar. Det må presiserast i kommuneplanen at arealdisposisjonar må prøvast opp mot om dei er forsvarlege etter denne lova.

Dersom Noreg skal klare å oppnå målsetnadane ein har fastsett om ivaretaking av naturmangfald, samt internasjonale forpliktingar, må landets kommunar ta sin del av ansvaret. Det vil vera svært betydningsfullt om Midt-Telemark kommune går føre med eit godt eksempel når det gjeld dette, og dermed sette ein gunstig presedens for andre kommunar.

Styret i Naturvernforbundet i Midt Telemark v/Hans Christian Deilhaug